



Foto 1. Kystlandskapet inneheld store beiteressursar. Her rikare kystlynghei frå Helgelandskysten. Foto: Pål Thorvaldsen.

Gammalnorsk sau og skjøtsel av kystlynghei- beitepreferansar, beitetrykk og dyrevelferd

Gammalnorsk sau er eit vanleg husdyrslag i kystlyngheia. Mange har gammalnorsk sau i utegangardrift der tilhøva ligg til rette for dette, særleg langs kysten på Vestlandet og nordover. Kunnskap om kva sauen beiter gjennom året, og om kvaliteten på dei enkelte beita er viktig når ein skal tilpasse dyretalet til beitegrunnet.

GAMMALNORSK SAU

Gammalnorsk sauer ein lite foredla sauerase og rekna for å vere dei næraste etterkomarane etter dei første sauene som vart tatt med til Noreg då husdyrhaldet starta i yngre steinalder. Gammalnorsk sau høyrer til gruppa nordeuropeisk korthalsesau som vert rekna som opphavet til dagens korthalsesauer i ulike former. Sauen har ei rekkje kvalitetar som høver bra i kystlyngheia. Ein kan trekkje fram at sauen er

robust mot vêr og vind med dobbel ullfell og evne til å bygge opp feittreservar kring innvollane. Sauen kan legge opp 10 -15 % av kroppsvekta som feittreservar gjennom beitesesongen ved gode beiteforhold. Desse reservane tærer dyra på i løpet av vinteren og i tørkeperiodar, når fôret vert meir fiberrikt og lignifisert. Sauen er nøysam, og kan nytte seg av ein rekkje vekstar gjennom heile året på beite. Sauen har eit godt morsinstinkt og enkle lemningar, har eit sterkt

flokkinstant og motstandskraft mot sjukdom. Norsk Villsaulag har utarbeidd ein «rasestandard» for gammalnorsk sau (www.villsau.no).

UTEGANGARDRIFT

Utegangardrift er ei driftsform der dyra beiter ute gjennom heile eller store delar av året. Dette let seg gjere der forholda ligg til rette for det i form av snøfattige og milde vintrar, og der det er gode beiteforhold gjennom heile året. Hald av dyr, uansett driftsform, krev at ein følgjer tilhøyrande regelverk (sjå faktaboks). Utegangardrift er omtalt i regelverket, og dispensasjon om «utegang utan tenleg opphaldsrom» krev tillating frå Mattilsynet. Det er ein føresetnad at både driftsopplegget og beitegrunnlaget er vurdert som godt og berekraftig med omsyn til dyrehald og ivaretaking av naturtypane som vert beita. Driftsformen krev derfor interesse og oppfylging frå dyreeigar.

BEITEPREFERANSAR GJENNOM ÅRET

Beitepreferansane hos gammalnorsk sau har vore studert ved å analysere plantefragment funne i avføringsprøvar hjå vaksne sau på beite i kystlynghei. Resultata syner at sauene tilpassar dietten etter kva slags planter som er tilgjengeleg på det enkelte beitet og gjennom året. Det er størst variasjon i dietten til sauene på forsommaren, og då utgjer urter, vier og fleire grasarter ein viktig del av beiteplantene. Andre gras med seinare utvikling, som m.a. kvein og smyle blir eit stadig viktigare innslag i dietten utover sommaren. Det same gjeld bjørk. Røsslyng vert beita gjennom heile året, og sauene et mest røsslyng i oktober. Vinterdietten er karakterisert av store delar vedvekstar som røsslyng, andre lyngartar og einer, men også stor og vissent gras. Resultata syner at gras er



Foto 2. Gammalnorsk sau er rekna for å vere ein direkte etterkomar av dei første sauene som kom til Noreg. Han ferdast lett i kystlandskapet, og har godt flokkinstant. Foto: Liv Guri Velle.

ein viktig for den samla næringsforsyninga, særleg for protein som har høgare innhald i gras enn i lyng, og det er gjennom eit godt samarbeide at dyra bygger opp fettreservane.

BEITETRYKK

Dyretallet må tilpassast beitegrunnlaget, og dette varierer frå stad til stad. Kvaliteten på beitegrunnlaget vert påverka av naturforhold og hevd. Kystlandskapet inneheld gjerne fleire naturtypar, slik som kystlynghei, seminaturleg eng, strandeng og myr, og desse må takast med i den samla vurderinga av beitetrykket. Seminaturleg eng legg grunnlaget for produksjonen gjennom store delar av beitesesongen, mens lynghei vert viktigare utover hausten og gjennom vinteren. Røsslyng er ein relativt tørketolerant og lite næringskrevjande art som gjerne veks i dei meir marginale delane av kystlandskapet. anbefalt beitetrykk er normalt mellom 0,8-1,2 morsau (sau+lam) pr. ha, i område med kystlynghei av god beitekvalitet der grasmark inngår. I område med meir skrinne kystlynghei med mykje grunnlendt og fjell i dagen er arealtrongen vesentleg større. Kystlyngheia må skjøttast for at beiteforholda skal bli gode. Lyngsviing er eit viktig verkemiddel for å skape mosaikkar mellom lyng i pionerfase, byggefase og moden fase. Med slike vekslingar får dyra tilgang til områder med ulik vegetasjonssamansetting, og røsslyng med ulik alder og høgde. Dersom røsslyngplantene vert degenererande, vert dei buskete og forvêda, mindre attraktive som beiteplanter, og meir utsett for tørkeskade og lyngbladbillangrep.

DYREVELFERD

Innvollssnyltarar er vanleg hjå sau, uavhengig av rase, og kan være ein viktig årsak til nedsett tilvekst og



Foto 3. Når våren og sommaren kjem, kan ein tydeleg sjå det gode morsinstinktet til gammalnorsk sau. Foto: Liv Guri Velle.



Foto 4. Norsk Villsaulag har utvikla ein «rasestandard» for gammalnorsk sau. Foto: Liv Guri Velle.

sjukdom hjå lam. Det er store variasjonar i førekomst av type og mengde parasittar frå beite til beite, og frå besetning til besetning. Dyrettleik har betydning for omfang av snyltarar, og stadar der mykje dyr regelmessig samlar seg som til dømes på faste kvilestadar, vert lett infiserte. Det er også store variasjonar mellom det enkelte individ si motstandsevne mot parasittmitte. Koksidiar og rundormar i mage og tarm er dei snyltarane som har størst negativ effekt på sau. Det er i hovudsak lam og unge dyr som er mest utsett. Førebygging av parasittmitte er viktig, og det mest effektive er ein kombinasjon av medikamentell



Foto 5. Blåtur med innlagt øyhopping ser ut til å være attraktivt også for utegangarsau. Foto: Vibeke Lind.

behandling og god beiteplanlegging, slik at dyretalet på beite ikkje er for stort i høve til beitegrunnlaget. Koksidiar førekjem på ein del område der utegangarsau beitar, og kan krevja særskild oppfølging om det er påvist. Tilstreккеleg næringstilgang på beite som sikrar nok tilgang på energi, protein og mineral, og at dyra har bra tilvekst og er i godt hald er ein føresetnad for heilårs utegangardrift. I vintermånadane kan dyra tære på opplagsnæring og gå moderat ned i vekt. Ved langvarig kulde og snødekke, eller andre situasjonar med knapp næringstilgang må det ordnast med tilleggsføring.

OPPSUMMERING

- Hald av gammalnorsk sau i utegangardrift i kystlynghei må følgje regelverket og krev tillating frå Mattilsynet.
- Dyretalet må tilpassast beitegrunnlaget på det ein skilde beitet.
- Variasjonar i både naturgrunnlag og hevd spelar inn på beitegrunnlaget. Lyngsviing er eit viktig verkemiddel for å betre beiteforholda.
- Røsslyng er ei viktig beiteplante gjennom heile året.
- Dietten til dyra speglar i stor grad beiteplantene som er tilgjengelege på det enkelte beite og gjennom året.
- Normalt beitetrykk med gammalnorsk sau i kystlynghei er 0,8-1,2 morsau (sau+lam) pr. ha, men kan variere utover dette. Beitetrykket må tilpassast det ein skilde beitet.
- Regelmessig behandling av innvollssnyltarar er ein føresetnad for god dyrevelferd.

REFERANSAR

- Buer, H., 2011. Villsauboka. Selja Forlag as, Førde, 192s.
- Hovstad, K.A., Wandeland, H., 2009. Body weight and blood parameters of Norwegian feral sheep on coastal heathlands. *Acta Agriculturae Scandinavica Section A – Animal Science* 59: 173-180.
- Lind, V., Bär, A., Aanensen, L., Thorvaldsen, P., Augustsen, K.A., Dyrhaug, M. og Hansen, I., 2015. Gammelnorsk sau i unike kulturlandskap. Dyrevelferd og skjøtsel av kystlynghei sett i sammenheng. *Bioforsk Rapport* 10 (47). 33s.
- Norderhaug, A., Thorvaldsen, P., 2011. Variasjon i beitepreferanser gjennom året hos utegangarsau på kystlynghei. *Husdyrforsøksmøtet* 2011.
- Velle, L.G., & Øpstad, S. 2009. Utegangarsau av gammalnorsk rase, ein kulturberar. – I: Nilsen, L.S. (red). *Naturen* 2 (133): 94-101.



Foto 6. Kystlyngheier med sviflater av ulik alder gir beiter med meir variert vegetasjonssamansetting. Foto: Liv Guri Velle.

Undersøkingane frå norske kystlyngheier er frå det avslutta NFR-prosjektet: Old Norse Sheep in coastal heathlands – developing a sustainable local industry in vulnerable cultural landscapes (178209/I10) drifta frå NIBIO Fureneset.

I «Forskrifta om velferd for småfe» vert utegangar-drift omtala spesielt, og i § 18 «Unntak frå kravet om tenleg opphaldsrom – utedrift» står det:

- Dyretalet skal tilpassast beitegrunnet. Eigar eller annan med ansvar for dyra skal ha høve til raskt å skaffe tilstrekkeleg og eigna fôr i tilfelle situasjonar der beitet ikkje gir tilstrekkeleg næring. Det skal etablerast fôringsplass som gjer det mogeleg å føre dyra på ein god måte.
- Terreng og vegetasjon skal gi tilstrekkeleg ly, og dyra skal ha beskyttande ullfell i den kalde årstida.
- Det skal etablerast innhegning som gjer det mogeleg å samle dyra. Dyra skal samlast når det er naudsynt av dyrevernmessige omsyn, og minimum vår og haust for kontroll, merking, napping og klipping av ull, nødvendig parasittbehandling, o.l.
- Paring skal skje slik at lamming og kjeing førekjem når beite- og klimaforhold er gunstige. Tilsynet skal intensiverast før og under lamming.
- Mattilsynet (distriktskontoret) skal på førespurnad bli varsla før tilsyn eller samling skal utførast, og eigar eller annan som ser etter dyra skal sørge for transport.

FORFATTER:

Pål Thorvaldsen¹, Liv Guri Velle², Ann Norderhaug³ og Samson Øpstad⁴

¹ NIBIO – Tjøtta

² Møreforskning Ålesund

³ Kulturlandskapstenester

⁴ NIBIO - Fureneset